




Luster kommune



# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2028

Handsama:

2  
0  
1  
7



Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2017 - 2028  
Vedteken 04.12.2017 i K-sak 67/17.

<b>1. Kommuneplanen – samfunnsdelen</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Visjon</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Grunnleggjande verdiar og strategiar</b> .....	<b>4</b>
<b>4. Fokusområde</b> .....	<b>4</b>
<b>5. Gjennomgåande tema</b> .....	<b>4</b>
<b>6. Innleiing og oppsummering</b> .....	<b>5</b>
<b>7. Føremål med kommuneplanen</b> .....	<b>6</b>
<b>8. Samfunnsutviklinga</b> .....	<b>6</b>
8.1 Folketalsutvikling.....	6
8.1 Busetjing og bustad .....	7
8.2 Levekår .....	7
8.3 Kommunal økonomi .....	7
8.4 Næring og sysselsetjing .....	8
8.5 Klima, miljø og naturressursar.....	9
<b>9. Rammevilkår - overordna føringar</b> .....	<b>11</b>
9.1 Nasjonale føringar .....	11
9.2 Regionale føringar .....	11
9.3 Kommunale føringar.....	12
9.3.1 Økonomi og handlingsreglar .....	12
<b>10. Kommunen sine ulike roller</b> .....	<b>13</b>
10.1 som tenesteytar og velferdsprodusent .....	13
10.2 som myndigheitsutøvar og forvaltar av fellesskapet sine verdiar .....	13
10.3 som tilretteleggjar og samfunnsutviklar .....	13
10.4 som demokratiutøvar .....	13
10.5 som regional aktør.....	13
<b>11. utfordringar og muligheiter</b> .....	<b>14</b>
<b>12. Strategiar, målsetjingar og tiltak</b> .....	<b>15</b>
12.1 Luster – ein god stad å bu .....	16
12.2 Luster – ein god stad for bedrifter .....	21
12.3 Luster – ein god stad å besøkja .....	24
<b>13. Føringar for arealdelen:</b> .....	<b>25</b>
13.1 ROS .....	25
13.2 Bustadområde .....	25
13.3 Næringsareal .....	25

13.4	Sentrumsområde.....	25
13.5	Hytteområde .....	25
13.6	Landbruksområde og jordvern .....	25
13.7	Friluftsliv .....	25
13.8	Universell utforming.....	26
13.9	Miljø og berekraftig utvikling .....	26
13.10	Kulturminne.....	26

## 1. Kommuneplanen – samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal trekkje opp mål for utvikling av kommunen og prioritere område som skal ha fokus. Korleis skapar me eit best mogleg tilbod og samfunn for innbyggjarar, næringsliv og besøkande?

## 2. Visjon

«Trivsel og utvikling i Luster»

## 3. Grunnleggjande verdiar og strategiar

Verdiar:

- ⇒ *me skal vere opne og lyttande i kommuneorganisasjonen*
- ⇒ *me skal vere positivt innstilt til medverknad og samarbeid i kommune og region*
- ⇒ *me skal sikra gode demokratiske prosessar, vedtaks- og gjennomføringsevne*
- ⇒ *me skal ha arbeidsmiljø prega av ansvar, respekt og omtanke*
- ⇒ *me vil halda fram med ei heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø*

Strategiar:

- ⇒ *me skal kontinuerleg arbeida for at tenestene me tilbyr best mogeleg er tilpassa brukarane sine behov*
- ⇒ *me skal ha god kommuneøkonomi slik at det er handlingsrom og reservar for å kunne gjennomføre og eller delta i prioriterte større utviklingstiltak*
- ⇒ *me skal ha effektiv administrasjon og drift innan vedtekne strukturar slik at ressursar vert frigjevne til utviklingsarbeid*
- ⇒ *me vil gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskapelege tenester*
- ⇒ *me vil drive aktiv rekruttering og gjennomføra kompetansetiltak hjå leiarar og medarbeidarar for å styrka drift og utvikling av tenester*
- ⇒ *me skal vera ein god nabo gjennom aktivt å styrka det regionale samarbeidet og leggja til rette for ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion*
- ⇒ *me skal fremja stoltheit gjennom formidling og synleggjering av lokal historie, kultur, identitet og attraksjonar*

## 4. Fokusområde

Kommuneplanen er bygd opp om desse hovudfokusområda:

- Luster – ein god stad **å bu**
- Luster – ein god stad **for bedrifter**
- Luster – ein god stad **å besøkje**

## 5. Gjennomgåande tema

- er sektorovergripande
- skal gå igjen både i KPS, KPA og dei andre kommunedelplanane

- føreset eigarskap og oppfølging frå alle / dei fleste einingane for å oppnå ei ynskt samfunnsutvikling
- mål og tiltak skal innarbeidast i handlingsdelen

#### Gjennomgåande tema i kommuneplanen:

1. Folkehelse
2. Det fleirkulturelle Luster
3. Beredskap - risiko og sårbarheit (ROS)
4. Miljø og berekraftig utvikling

## 6. Innleiing og oppsummering

Luster kommune er inne i ein periode med generell bra utvikling.

Folketalet i Luster pr 01.07.2017 er 5184 personar, ein auke på 32 personar dette året. Det har vore ei positiv utvikling sia 2008. Trenden er ein god vekst i Gaupne (med Nes) og Hafslo og stabilisering eller nedgang i andre bygder. I 2010 var det 173 innvandrarakar i Luster. I 2017 er talet auka til 387. Veksten har vore størst for arbeidsinnvandrarakar frå aust-Europa i dette tidsrommet. Auken i tal busette flyktningar frå Afrika og Asia er 84 personar i perioden 2010 – 2017. For å nå samfunnsmåla kommunen set seg, må innvandring leggjast til grunn for planlegging på alle samfunnsområde.

Syssetjinga er stabil. Nedgangen i landbruket har stoppa opp. Talet på aktive bruk er det same i 2017 som i 2010. Dette påverkar også folketalutviklinga i grendene. Den regionale arbeidsmarknaden er også viktig for busetjinga i Luster.

I næringslivet er det ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene og innan vasskraftutbygging. Det har vore stor investering og utvikling i reiselivet dei siste åra. Det er også stor investeringsvilje innanfor landbruket, men tilgangen på midlar i Innovasjon Noreg legg avgrensingar på tal bruksutbyggingssaker kommunen får gjennom kvart år. Andre viktige næringsområde for Luster er; bygg og anlegg og privat tenesteyting.

Dei kommunale tenestene, som i stor grad har ein desentralisert struktur der dette er naturleg, skal organiserast effektivt med sikte på å halda kostnadene nede. Faglege krav, behov for større fagmiljø, økonomi og utvida tilbod medfører at ein del tenester vert samla i Gaupne eller løyst via interkommunalt samarbeid. Endringane i folketalstrukturen kringom i bygdene gjer at tilbodet på offentlege tenester kan koma til å endra seg i åra framover i delar av kommunen.


Kommuneøkonomien er god, men under press. Kommunen har årlege driftsinntekter godt utover ein «gjennomsnittskommune», investeringsnivået har over tid vore høgt, men noko lågare dei siste åra. Kommunen er ein aktiv aktør for utvikling av tenester, næring og lokalsamfunn. Det er likevel nokre mørke skyer, med svikt i inntekter, som tilseier at ein må gjennomføre tiltak for å betre balansen i økonomien. Hovudutfordringa for den kommunale økonomien er å setja i verk tiltak som sikrar eit godt tenestnivå og held oppe tilstrekkeleg utviklings- og investeringskraft med nødvendig eigenkapital og god balanse mellom inntekter og utgifter.



## 7. Føremål med kommuneplanen

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan som skal vera kommunen sitt overordna styringsdokument. Planen skal rullerast kvart 4. år og skal gje rammer for verksemdene sine planar og tiltak og skal brukast strategisk som ein oversiktsplan. Føremålet med kommuneplanen er å få fram tydelege politiske prioriteringar. Dette er likevel ikkje til hinder for å ta opp nye situasjonsbestemte oppgåver utan at dei er forankra i kommuneplanen..

### Samfunnsdelen i det kommunale plansystemet i Luster kommune



*Kommuneplanen sin samfunnsdel i det kommunale plansystemet*

## 8. Samfunnsutviklinga

### 8.1 Folketalsutvikling

Frå 2008 har det vore ein folketalsauke i Luster kommune frå 4870 til 5184 personar pr 01.07.2017. Dette er om lag det same folketallet som kommunen hadde i 1970. Det er ein auke på om lag 300 personar. Talet på innvandrarar har auka med om lag 200 i same perioden. Dette er ei utvikling me ser i heile landet. Luster kommune er likevel mellom dei kommunane i regionen med lågast tal innbyggjarar med utanlandsk bakgrunn. Luster kommune har også hatt ei positiv tilflytting i aldersgruppa 0-15 år. I praksis betyr det tilflytting av barnefamiljar. SSB sine framskrivingar av folketal, syner vekst for Luster kommune i perioden 2014 – 2030 på 5 prosent.

Utviklinga i landbruket påverkar også i stor grad folketalsutviklinga i grendene i kommunen.

Luster kommune legg vekt på gode tilbod i alle delar av kommunen. Likevel er det ei utvikling der folketalet aukar i Gaupne og på Hafslo, men med stagnasjon eller nedgang i dei andre kretsane. Gaupne og Hafslo har også største delen av den yngre befolkninga. Ei ny "eldrebølge" i Luster vil fyrst slå inn i 2025-2030. For å nå samfunnsmåla kommunen set seg, må innvandring leggjast til grunn for planlegging på alle samfunnsområde.

Luster er ein vidstrekt kommune med denne senter-/ bygdelagsinndelinga:

Kommunesenter: Gaupne

Bygdesenter: Hafslo, Jostedal og Skjolden.

Bygdelag: Solvorn, Veitastrond, Indre Hafslo, Luster, Fortun, Sørsida av Lustrafjorden

### **8.1 Busetjing og bustad**

Luster kommune har ein svært spreidd busetnad i høve folketal og areal. SSB sin prognose er at folketalsveksten held fram. Samtidig går hushaldsstorleiken ned og fleire flyttar til sentrumsområda. Dette gjer at ein må vektleggja ein framtidretta bustadpolitikk i Luster med ulike bu- og bustadformer. Andre bustadtypar enn einebustadar er tydeleg på frammarsj i Gaupne og Hafslo. Dei siste 10 åra er mykje av bustadbygginga gjennomført ved at entreprenørar byggjer både einebustader, rekkehus og konsentrert småhusbebyggelse for sal.

Det må i åra framover leggjast til rette for nye bustadmodellar for eldre, yngre som skal etablera seg i bustadmarknaden og innvandrarar/flyktningar.

### **8.2 Levekår**

Luster kommune har som mål å leggja til rette for tenester som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga uavhengig av alder, kjønn, funksjonalitet og etnisitet. Gjennom kommunen si folkehelseoversikt har ein fått ei betre oversikt over utfordringane i åra framover. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag som gjev informasjon om kvar og mot kven innsatsen skal rettast. Sentrale utfordringar i framtida er tverrfagleg og førebyggjande arbeid og at det vert lagt eit godt grunnlag i ung alder når det gjeld folkehelse. Dette inneber gode vanar på fysisk aktivitet og kosthald, og god psykisk helse. Kommunen som tenesteytar innan oppvekst og helse vert sentral i både opplysningsarbeid og tilrettelegging. Betre folkehelse gjev eit betre samfunn og folkehelsearbeid må inngå i alt me gjer.

### **8.3 Kommunal økonomi**

Arbeidet med budsjettet for 2017 og økonomiplanen for 2017 – 2020, viste at kommunen har store utfordringar i høve budsjettbalansen dei næraste åra. Det kommunale inntektssystemet er regulert i vår disfavour og kraftinntektene, spesielt eigeomskatteinntektene frå dei store kraftverka går vesentleg ned. I løpet av 2-3 år utgjer dette meir enn 20 million kroner pr år som økonomien må tilpasse seg. Rammevilkåra, framtidig inntektsnivå når det gjeld kraftinntektene til kommunen er noko usikre.

For 2017 vert utfordringane i hovudsak løyst ved avdragsutsetjing på lån, bruk av fond og generell innstramming på drift.

Frå 2018 vert det arbeidd med større grep for å få driftsutgiftene ned og ev auka inntekter ved utviding av eigeomskatteordninga. Som grunnlag for krevjande politiske vedtak er det gjort utgreingar av organisasjonen for å synleggjera korleis ressursbruken er samanlikna med andre

kommunar. Det vert gjort vurdering av ulike alternativ for endringar som skal sikre eit godt tenestenivå samstundes som inntekter og utgifter balanserer over tid.

Arbeidet med å effektivisera tenester, vurdere og tilpassa tenestenivået vert eit viktig arbeid framover for å oppretthalda ein god og sunn kommuneøkonomi. Strukturelle endringar, organisatoriske endringar og aktivt arbeid med digitalisering må vurderast og nyttast.

For at kommunen ikkje skal binde opp for mykje av sine framtidige driftsutgifter til avdrag og renter, er det viktig at den langsiktige lånegjelda vert stabilisert. Avdragsbetaling må i åra framover vera på tilnærma same nivå som nye låneopptak for å oppretthalda eit middels gjeldsnivå. Det er i økonomiplanen lagt opp til at nye låneopptak er noko lågare enn dei har vore dei seinare åra, slik at den langsiktige gjeldsauken vert moderat.

Kommunen skal ha handlingsrom i driftsøkonomien og har gode økonomiske reservar. Kommunen har årlege driftsinntekter utover ein «gjennomsnittskommune» også etter det nedtrekket som no er varsla. Det vil likevel vera krevjande å regulere ned frå eit høgt nivå. Kommunen leverer gode tenester og er ein aktiv utviklingsaktør for utvikling av tenester, næring og lokalsamfunn. Det er store forventningar til det kommunale tilbodet.

Hovudutfordringa for den kommunale økonomien vert å setja i verk tiltak som framleis sikrar eit godt tenestenivå og held oppe tilstrekkeleg utviklings- og investeringskraft med nødvendig eigenkapital og god balanse mellom inntekter og utgifter.

#### **8.4 Næring og sysselsetjing**

Sysselsetjinga i Luster er stabil. Nedgangen i landbruket har stoppa opp. Talet på aktive bruk er det same i 2017 som i 2010. Dette påverkar også folketals-utviklinga i grendene. Landbruket har tradisjonelt vore viktigaste næringsvegen i Luster. Tal aktive bruk har vore stabilt siste åra, men det har vore ei avskaling innan mjølkeproduksjon med tilsvarande auke innan sau og planteproduksjon. På mange bruk står ein overfor eit generasjonsskifte. Av røynsle veit ein at dette er den mest avgjerande fasen for kor vidt bruka skal halda fram som sjølvstendige einingar.

Det er utfordringar både med å gjera gardsbruka attraktive nok som bu- og arbeidsplass for dei yngre, og å tilpassa landbruket til nye og strengare miljø- og utsleppskrav og tilpassa seg framtida sine klima-utfordringar.

Luster har mange innbyggjarar som arbeider i nabokommunane. Mange av dei store offentlege arbeidsplassane er inne i større strukturendringar og utviklinga her og i den regionale arbeidsmarknaden generelt, er viktig for Luster.

Det er ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene i kommunen, og det vert arbeidd med planar for ytterlegare utvikling. Dei to største industriverksemdene i kommunen har internasjonalt eigarskap. Kraftutbygging vil dei komande åra vere ein aktivitet der bygg og anleggssektoren vil kunne vinne oppdrag.

Reiselivet har synt stor investeringsinteresse dei siste åra. Den internasjonale interessa for reiselivsprodukt i Fjord-Noreg og dermed Luster er aukande. Luster har mange veldrivne reiselivsverksemdar med god aktivitet og sesongutviding. Sommaren 2017 er den beste reiselivssesongen i Luster kommune gjennom tidene.



Bygg og anlegg er ei stor næring i Luster, fleire av selskapa har kompetanse til å stå ansvarleg for store prosjekt og har marknad i heile Sogne-området. Privat tenesteyting inkludert handelsnæringa held posisjonen sin, men det er krevjande å drive varehandel utanom dei større etablerte handelsentra i regionen.

Arbeidskraft med utalandsk bakgrunn er også viktig for næringslivet i Luster både i sommarsesong og heilårs arbeidskraft. Det vil vere ei viktig oppgåve for kommunen å arbeide for god språkopplæring og integrering i arbeidslivet for innvandrara.

### **8.5 Klima, miljø og naturressursar**

Klimaendringane og den rike vestlege verda si overbelastning av natursystema er stadig på dagsorden med nye overskrifter i media. Skadeverknadene råkar også Luster. Dette er utfordringar som må løysast på alle nivå. Luster kommune må ta ansvar for sin del, både som politisk og kommersiell aktør, tenesteytar, forvaltar, innkjøpar, grunneigar og samfunnsplanleggar. Ei sentral utfordring vert å styrka miljøomsyna i alle ledd i organisasjonen på tvers av sektorar, og leggja til rette for miljøvenlege val elles i samfunnet. Det vert produsert mykje miljøvenleg vasskraft i Luster, og fleire anlegg er i prosess. Dersom vasskrafta kan erstatta fossile energikjelder er klimavinsten stor, og Luster dermed ein vesentleg bidragsytar for å redusera klimagassutsleppa nasjonalt.

Dei største trugsmåla mot naturressursane i Luster er nedbygging av matjord, attgroing og framande/skadelege artar. Med naturressursar meiner ein naturen som grunnlag for verdiskaping i form av jordbruk, reiseliv osv., men også eigenverdien som ligg i naturmangfaldet uavhengig av praktisk nytteverdi for menneske pr. i dag. Tap av biologisk mangfald er ei tung global utfordring. Luster kommune må vera budd på at naturområda i framtida vil verta stadig høgare verdsette som leveområde for truga artar, noko som kan føra til auka restriksjonar på arealbruken. Ei anna side av den same utviklinga er at naturområda vert meir attraktive som reisemål. For Lustra-samfunnet vil rett forvaltning av naturområda gje gode høve til næringsutvikling knytt til opplevingsturisme. Ved å velja lokal forvaltning av små verneområde, og aktiv deltaking i nasjonalparkstyra, har Luster kommune styrka råderetten over naturkvalitetane.

### **8.6 Gjennomgåande tema**

Gjennomgåande tema er sektorovergripande og føreset eigarskap og oppfylgning frå alle / dei fleste einingane for å oppnå ei ynskt samfunnsutvikling. Kommuneplanen har desse målsetjingane for dei gjennomgåande tema:

#### Folkehelse:

Betre folkehelse gjev eit betre samfunn. Folkehelse inneber så mykje, og skal inngå i alt me gjer. Derfor skal folkehelse innarbeidast i alle kommunen sine ansvarsområder. *Folkehelsearbeidet skal ta utgangspunkt i dei folkehelseutfordringane me har, (jf. Folkehelseoversikt 2016 – 2020).*

1. Leggja til rette for eigenmeistring og aktiv deltaking i samfunnslivet, og førebyggjande tenking ved planlegging, utforming og tildeling av tenester.
2. Utvikle og etablere tverrfagleg samarbeid i høve barn og unge sine oppvekstvilkår med fokus på tidleg innsats og foreldrerettleiing.
3. *Utvikla og etablera tverrfagleg samarbeid i høve fysisk aktivitet, friluftsliv, grønt reiseliv og kultur*
4. Kommunal planlegging og kommunale tenester skal vera med å betra levekår og utjevna levekårskilnadane

#### Det fleirkulturelle Luster:



1. At innvandrara deltek i samfunnsliv og har kjensle av at dei *høyrer til* gjennom språk, arbeidskvalifisering og sosial kompetanse
2. Ein livsstil som gjev god livskvalitet og styrkar fysisk og psykisk helse.
3. Eit oppvekstmiljø og levekår som gjev meistring og trygghet
4. Eit mangfald i tilbod som gjev muligheiter for livsutfalding, oppleving og aktivitet.

#### Beredskap – risiko og sårbarheit:

1. Til ei kvar tid ha ein beredskap som er i stand til å handtera dei hendingane og krisesituasjonane som kan oppstå.
2. Kommunen skal heile tida vera budd på å handtera uynskte hendingar, ha plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og informasjonsplan.
3. Alle utbyggingsområde skal risikovurderast gjennom kommuneplanen sin arealdel, som igjen vert kopla til kommunen sin ROS-analyse.

#### Miljø og natur

- 1 Sikra naturgrunnlaget for framtidige generasjonar med omsyn til matproduksjon og berekraftig bruk av både innmark og utmark
- 2 Oppretthalda det biologiske mangfaldet og variasjonen av naturtypar og landskap
- 3 Redusera forsøpling og ureining til jord, vatn og luft.
- 4 Ta ansvar for det grønne skiftet i Luster.

## 9. Rammevilkår - overordna føringar

Nasjonale og regionale planar og retningslinjer/politikkdokument skal leggast til grunn for planarbeidet i kommunane.

### 9.1 Nasjonale føringar

Sentrale lover og retningslinjer kommunane skal leggja til grunn i kommuneplanlegginga:

- Plan- og Bygningslova av 2008
- Folkehelselova av 2011
- Naturmangfaldslova av 2009
- Jordlova av 1995
- Likestillingslova av 2013
- Diskrimineringslova av 2005
- Diskriminering og tilgjengelegheitslova
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. 25.3.2011
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. (T-5/93)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T-5/95)
- Temarettleiar for landbruk og planlegging etter plan- og bygningslova (12.03.2012).
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane (04.09.2009)
- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging
- **Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transport- planlegging (2014)**

### 9.2 Regionale føringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt, har ei rekkje overordna planar som er vedtekne eller under utarbeiding, og gjev føringar for kommunen sitt planarbeid.

Plan – tema
<u>Vedtekne regionale planar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020</li><li>• Fylkesdelplan for arealbruk</li><li>• Fylkesdelplan for klima og miljø</li><li>• Handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017</li><li>• Fylkesdelplan for landbruk</li><li>• Regional plan for folkehelse 2015–2025</li><li>• Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019</li><li>• Regional plan for Ottadalsområde</li><li>• Regional plan for vasskraft</li><li>• Verdiskapingsplan på nett</li><li>• Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021</li></ul>
<u>Planar under arbeid</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regional transportplan - analyse- og utfordringsdokument</li><li>• Regional transportplan - handlingsprogram</li><li>• Regional plan for kultur</li><li>• Fylkesdelplan for arealbruk</li><li>• Regional plan for klimaomstilling - Planprogram</li></ul>

### 9.3 Kommunale føringar

Kommunale føringar for arbeidet er kommuneplanmeldinga (2015), planstrategi (2016) og planprogram (2017)

I tillegg er økonomiplan og budsjett førande for kommunen sitt arbeid.

#### 9.3.1 Økonomi og handlingsreglar

Luster kommune sin økonomiske situasjon har vore prega av god vekst og utvikling over lang tid og aukande kommunale oppgåver. Ut frå svikt i inntekter ser ein no økonomiske utfordringar som i framtida krev at tenesteproduksjonen vert tilpassa ei økonomisk bærekraftig drift. Kommunen sin økonomiske situasjon føreset ei handling. Ein økonomi under kontroll, og som vert forvalta på ein bærekraftig måte, er ein naudsynt reiskap for god drift og i tillegg evne til fornying og utvikling over tid.

Målet med å fastsetja økonomiske handlingsreglar i kommuneplanen sin samfunnsdel er å sikra samanheng mellom mål i kommunen sitt øvste planverk og økonomiplanlegginga. Dette er gjort ved å synleggjera og forankre dei hovudgrepa som skal nyttast for å skape ei bærekraftig økonomisk utvikling over tid. Hovudgrepa er felt ned i kommuneplanen sin samfunnsdel og gjev føringar for kommunen sin økonomi- og verksemdsplanlegging framover. Under er det sett opp fire handlingsreglar som vert lagt til grunn for ã økonomiplanlegging i Luster kommune i planperioden.

#### 1. Netto driftsresultat bør over tid være minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat må gjennomgåande sjåast på som det viktigaste måltalet for kommunal økonomi. Det er også det måltalet som vert brukt når regnskapsresultata skal samanliknast med andre kommunar, mellom anna i KOSTRA. Generelt er eit godt netto driftsresultat ein indikator på kommunen si økonomiske handlingsfriheit og eigenkapital til investeringar.

Luster kommune har hatt varierende netto driftsresultat frå 2011, på plussida, men i sum litt for svake.

#### 2. Disposisjonsfond bør over tid vera minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfondet er eit fritt fond og står til kommunestyret sin frie disposisjon. Bruk av fondet må vurderast nøye kvar gong, då dette er kommunen sin «sparekonto». Fonda viser kor mykje kommunen har sett av til seinare års drifts- og investeringsføremål og er den delen av «reservane» som gjev best uttrykk for den økonomiske handlingsfriheita. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntekter eller auka utgifter. Luster kommune har frå 2011 hatt eit relativt stabilt nivå på disposisjonsfond på om lag 10%. Omstillingsarbeid og eigenkapital i investeringar vil dei næraste åra utfordra dette nivået.

#### 3. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er eit mykje nytta nøkkeltalet. Saman med netto driftsresultat er dette det mest brukte nøkkeltalet i kommunesektoren. Luster kommune har frå 2011 auka netto lånegjeld frå 55% til 65%. Dette er gjeldsgrad litt under snittet i kommunesektoren. Med innlagt avdragsutsetjing i økonomiplanen vil gjeldsgrad pårekneleg auka noko, men netto lånegjeld bør haldast innanfor 75%.

#### 4. Grad av eigenkapital på investeringar bør over tid vera på 25 % av totale investeringskostnader

Det er naturleg at storleiken på investeringane varierer gjennom åra. Eit klart krav til eigenfinansiering av investeringane vil setja grenser for både på storleiken på investeringane og låneopptaket. Luster kommune har hatt svært varierende eigenkapital på investeringar dei seinare åra. Eit måltal på 25% over tid vil igjen vera med å halde rente- og avdragsbelastninga nede.

## 10. Kommunen sine ulike roller

### 10.1 *som tenesteytar og velferdsprodusent*

Kommunen har som hovudoppgåve å vera ein aktiv tenesteytar og velferdsprodusent. Dette er det området som krev mesteparten av kommunen sine ressursar. Kommunal tenesteproduksjon handlar i stor grad om velferdstenester ut frå mange behov og i alle livsfasar for kommunen sine innbyggjarar. Etter kvart som omsorga for born og eldre i stadig mindre grad vert teke i vare av familien, har det offentlege og kommunesektoren gradvis fått fleire oppgåver.

Kommunen har også viktige oppgåver når det gjeld infrastruktur og samfunnssikkerheit. Område som veg, vatn og avløp er avgjerande for at eit lokalsamfunn skal fungera trygt og godt. Auka folketal der arbeidsinnvandring, busetjing og familietilflytting utgjør veksten, føreset nye oppgåver og tenester tilpassa ei mangfaldig befolkning.

Vel fungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn er grunnleggjande føresetnader for eit godt velferdssamfunn. Luster kommune skal arbeide med å leggje til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innanfor dei viktigaste velferdsoppgåvene.

### 10.2 *som myndigheitsutøvar og forvaltar av fellesskapet sine verdiar*

På mange viktige område er kommunane gjevne mynde til å forvalta lovverk ut frå lokalt skjønn m.a. mynde for arealplanlegging, jfr Plan- og bygningslova. For innbyggjarane vil det vera viktig med ein høg grad av lik handsaming og føreseieleg forvaltning. Eit grunnlag for dette er gode lokale retningslinjer, noko som m.a. gjeld kommuneplanen sin arealdel som gjev viktige føringar for handsaming av einskildsaker.

Kommunen som organisasjon har også eit ansvar å forvalta miljøressursane gjennom innkjøp av sine varer og tenester.

### 10.3 *som tilretteleggjar og samfunnsutviklar*

Kommunen som samfunnsutviklar betyr at kommunen skal vere aktiv i arbeidet med å utvikla gode lokalsamfunn for innbyggjarane. Her er dialog og samarbeid på tvers av næringsliv, frivillige organisasjonar og kommunen sentralt. Luster kommune som samfunnsutviklar inneber og tilrettelegging for fysisk og sosial infrastruktur. Kommunen skal og ha ein rolle som tilretteleggjar for nyskaping og næringsutvikling, og ivaretaking av miljø og natur og eit fleirkulturelt samfunn.

### 10.4 *som demokratiutøvar*

Lokaldemokratiet er fundamentet for kommunen sin eksistens og må difor visast merksemd. Oppslutning om lokaldemokratiet gjennom kommuneval og på andre måtar er avgjerande for at dei prioriteringar og avgjersler som vert gjort av lokale politisk mynde skal ha legitimitet. Det er også viktig at innbyggjarane deltek i utviklinga av lokalsamfunnet gjennom organisasjonsliv og andre former for frivillig arbeid. At innbyggjarane engasjerer seg i eige lokalsamfunn må sjåast som verdfullt både for den einskilde og for fellesskapet.

### 10.5 *som regional aktør*

Kommunane spelar ein viktig rolle når det gjeld utviklinga av eit lokalsamfunn. Utviklinga må skje i samspel med andre aktørar både internt i kommunen og i aukande grad med instansar utanfor kommunen. Med auka internasjonalisering og konkurranse om innbyggjarane og arbeidskraft aukar behovet for samarbeid og samhandling med andre kommunar, fylkeskommune, statlege styresmakter og andre aktørar. Utvikling i ein landsdel eller region som heilskap, er av stor verdi for den einskilde kommune, og det er difor viktig å erkjenne at kommunen er ein del av ein større bu-, arbeids- og serviceregion.

Luster kommune skal vera aktiv i å medverka til at det regionale samarbeidet i Sogn vert vidareført også etter at kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand vert ein ny kommune.

## 11. Utfordringar og muligheiter

Som utgangspunkt for vidare utvikling og prioritering av tiltak og handlingar kan det vere nyttig å analysere og drøfte muligheiter og utfordringar, sterke og svake sider.

Ein SWOT-analyse (SWOT=styrke, svakheit, muligheit og trugslar) kan være eit nyttig verktøy for å identifisere områder for forbedring og er eit godt utgangspunkt for å ta avgjersler for framtida.

Nedanfor er eit oppsett til ein slik analyse, generelt og med fokus mot sentrale tenesteområde der kommunen og kommuneorganisasjonen i større eller mindre grad rår over verkemiddel til å påverke lokalsamfunns-utviklinga.

